



Organisasjonsnummer: 987 735 392

Adresse: c/o Kim Runar Gjenstenli, Herkulesv. 1B, 2165 Hvam

RAPPORT FRA

Nordisk Folkeriksdag 2018
Neiden i Sør-Varanger 03.-06.08.
(I samarbeid med Finnmark Nei Til EU)

TEMA 2018:

Konflikt eller samarbeid mellom folkene i nord?

Om folk til folk samarbeid i nord, fredelig sameksistens og vennskap på tvers av grensene, samenes stilling før og nå, kultur og historie, fiskerispørsmål, sikkerhetspolitikk med mer.

Dag 1. Fredag 03.08.

Referat frå foredraget til Rune Rafaelsen, ordførar i Sør-Varanger,

Fredag 3. august

Temaet for Rafaelsens foredrag var Aust-Finnmarks spesielle historie og tilhøvet til Russland.

«Konflikt eller samarbeid?»

Rafaelsen byrja med å fortelja at Sør-Varanger var den delen av Norge som sist blei tilslutta til kongeriket. Først i 1825-26 blei det gjennomført ein grenseoppgang i Finnmark mot Russland. Styresmaktene i Kristiania kjente ikkje til området, heller ikkje no! Før dette hadde det aldri vore fiendtlegheter mellom Norge og Russland. Til samanlikning drap svenske soldatar i 1789 alle ortodokse munkar i Pasvikdalen. Napoleonskrigane enda med at Russland slo Napoleon, og sigerherrane tvang Danmark til å avstå Norge til Sverige, noko som førte til det norsk sjølvstendet i 1814. I 1905 var Russland det første landet som anerkjente det uavhengige Norge. Den staden vi var på, Neiden, er ei blanding av samisk, finsk og norsk, akkurat som Rafaelsen sjølv! I 1920 var 70 % av innbyggjarane i Sør-Varanger økonomiske flyktningar ifrå Finland. Norsk krigshistorie er i Sør-Varanger; i regionen vart 60.000 soldatar drepne i krigshandlingar.

Rafaelsen hadde sjølv nett vore til stades ved «Nordflåtens dag» i Severomorsk. Han såg på seg sjølv som ein ombodsmann for fred og gode forhold.

I januar 1993 kom Kirkenes-deklarasjonen mellom Norge, Sverige, Finland og Russland.

Norsk utanrikspolitikk er prega av moralisme. Vi godtar ikkje alt på russisk side, men vi er interesserte i godt samarbeid. Han har stadige møte med andre

ordførarar i grenseområda. Men Rafaelsen blir kalla russar-venleg og vorten mykje mistenkjeleggjort etter 2014. Han har gitt opp Nordisk Råd. Men det regionale nivået fungerer. Rafaelsen arbeider for jarnbanen Rovaniemi-Kirkenes, som er eit finsk initiativ. Sametinget har enno ikkje uttalt seg. Han arbeider også med å få i gang gruva igjen. I dag er turisme største næringa, særleg frå Kina. Til Kina går fly med levande kongekrabber.

Meir kompleks industri er avhengig av venskap med Russland. Dei lange linene har synt at det har lønt seg. Vi har sju felles kraftverk i Pasvik-elva.

I dag er tiandeparten av innbyggjarane i Sør-Varanger russiske, og mange er pendlarar. Rafaelsen er optimistisk om det føreståande samarbeidet. Viss Nordaustpassasjen blir isfri, så vil ein skipstur ta om lag 18 dagar, samanlikna med 40 dagar gjennom Suezkanalen (til Kina, frå Finnmark?).

● * * *

Harald Sørensen kultursjefen i Sør-Varanger:

«Om Sør-Varanger og kontakten med Russland»

Sørensen hadde vakse opp i Pasvikdalen, der foreldra hans arbeidde med norsk-russisk samarbeid. Han lærte seg russisk og blei med i Barentssekretariatet. No fortalte han frå verdsmeisterskapen i fotball sommaren 2018 som han var tilskodar til, og viste bilete han sjølv hadde tatt. Han tykte VM var veldig godt arrangert. Det var ikkje tillate å drikke alkohol på gata, etter klokka 21 var det ikkje tillate å kjøpe sterkare enn 20 %, og i restaurantane var det røykjesforbod.

Det var stor turisttrafikk frå Kina til Murmansk, og det vart skilta på kinesisk i byen.

På spørsmål frå tilhøyrarane om forureining og classeskilje, så var det mindre forureining i dag enn før i Nikel, og classeskilnadene var store.

Siste innleiar på fredagen var *Cecile Hansen, varamedlem til styret i Finnmark Nei til EU, tidlegare ordførar (Sp), same og mjølkebonde.*

Cecile Hansen fortalte først om oppveksten sin ved Pasvik-elva, og sa litt om fylkessamanslåinga med Troms og folkerøystinga. Ho studerer no folkerett ved Universitetet i Tromsø, og meinte at både USA og Russland bryt folkeretten. I Russland er det blitt minska pressefridom.

Kunstnarisk på kvelden:

Den samiske duoen *Trygve Beddari og Anne Margaret Nilsen.*

Dag 2. Lødag 04.08.

Foredrag ved Mette Kongsheim, tidlegare ambassadør i Praha og statssekretær (H) i Handelsdepartementet i Willoch-regjeringa.

«Norge og Russland –naboar i fortid, nåtid og framtid»

Fru Kongsheim byrja med å slå fast at det i dag gjeikk føre ei heksejakt på Russland frå regjering og media, uansett sak, og Putin blir demonisert.

Vesten har skapt eit fiendebilde, som dagleg blir hamra inn, og Norge deltar ivrigare enn andre i denne *russofobien*. Mange skuldingar saknar bevis.

Kva med vår eiga krigføring, i Afghanistan, Irak og i Syria? Vesten har trekt ned jernteppet. Handlingsrommet for eigen norsk tryggings- og forsvarspolitikkk blir stadig mindre.

Er Norge tent med dette? Fiendebildet er ein politisk konstruksjon som tener andre føremål.

Vi må vedgå at Russland også har tryggingsbehov. Demoniseringa er eit alibi for mangel på politisk strategi. Kva om Trump ein vakker dag godkjenner annekasjonen av Krim og neglisjerer Nato? Da står vi der med eit øydelagt naboforhold.

I Nato var det sjølvpålagte avgrensingar og beroligelser. Dei er no forlate.

I Russlands historie ser vi to linjer; den eine er ekspansjon, og den andre er røynsla av at Russland ligg utsett til, dei har inkje hav eller fjell som vernar, og dei har opplevd gjentatte invasjonar, som har gitt dei kjensla av at Russland er truga.

To europeiske tradisjonar går att i Russlands innanrikspolitikkk; den vestlege og den bysantinske, den siste er autoritær og krev lydnad.

Men Norge og Russland hadde eit godt naboforhold fram til 2014. Så kom krisa i Ukraina, og vi hugsar alle [med gru] [sarpejenta!] Ine Marie Eriksen Søreide sine utsegn i TV-intervjuet i Amerika, om at tilhøvet til Russland aldri kunne bli like godt igjen!

Etter det vi veit om russisk historie, så kan vi seie at «Putin er absolutt forutsigbar!»

Nato kunne rett og slett ha vore oppløyst etter Sovjets fall.

Foredrag var ved *Willy Bangsund, brytetrener og foregangsmann for idrettssamarbeid med Russland. «Om idrettssamarbeidet Norge –Russland»*

Willy Bangsund fra Kirkenes, opprinnelig fra Vardø, er en av de mest profilerte idrettslederne i Finnmark og kanskje den viktigste initiativtakeren til og oppfølgeren av idrettssamarbeidet med Russland.

Store avstander og vanskelige kommunikasjonsforhold skapte naturlig nok utfordringer for det idrettslige samkvemmet i Finnmark. Kontakt med Nord-Finland og Nord-Sverige eksisterte nok, men reisene var både lange og dyre, og disse problemene gjorde kontakten med Sør-Norge enda vanskeligere. Kontakten med andre idrettsfolk ble derfor i stor grad begrenset til klubbene i Øst-Finnmark, og mange ønsket en bredere kontaktflate. Slik var situasjonen i alle idrettsgrener. I brytesporten, som i lang tid har stått svært sterkt i Øst-Finnmark, ønsket utøverne å delta i stevner andre steder og på den måten få en mer stimulerende konkurransesituasjon. Finner og svensker deltok enkelte ganger i brytestevner i Vardø og Kirkenes, og finnmarksbryterne var noen ganger med på stevner i Nord-Finland og Nord-Sverige.

I tidlig etterkrigstid var det svært liten kontakt mellom Norge og Sovjet, og blant mange nordmenn var nok også kommunistfrykten ganske stor. Her var holdningene i Finnmark noe annerledes enn i resten av landet, etter at Den røde hær på en helt avgjørende måte hadde bidratt til å drive de tyske okkupantene ut av Finnmark på slutten av annen verdenskrig. Brytesporten stod jo sterkt i Sovjet, og med relativt kort avstand til Murmansk-området var en kontakt østover spesielt interessant for bryterne i Finnmark. Som vanlig blant mange finnmarkinger ønsket de å ta initiativ selv heller enn å rådføre seg med offisielle instanser i Oslo, og søkte kontakt østover uten å be om noen formelle tillatelser. Midt under de sterkt anti-kommunistiske 50-åra drog de i ei fiskeskøyte fra Vardø til Murmansk med noen brytere og musikanter, og musikantene holdt konsert og bryterne deltok på et brytestevne i Murmansk. Det lokale initiativet fra Vardø falt nok ikke i god jord hos alle og var vel egentlig en form for sivil ulydighet, men slo jo hull på den idrettslige og kulturelle isfronten som hadde dominert forholdet til Sovjet. Dette ble opptakten til et videre samarbeid der bryterne gikk foran i kontaktarbeidet, men der mange andre kom etter seinere og da fikk aksept ikke bare lokalt, men også på politisk riksplan. Selv med skiftende holdning til kontakt og samarbeid på offisielt hold, har det lokale folk til folk-samarbeidet vært stabilt, og i Øst-Finnmark ønsker de heller å bygge ut enn å redusere kontaktarbeidet. Opprettelsen av Barentssekretariatet er på mange måter en naturlig oppfølging av det samarbeidet som hadde blitt utviklet lokalt.

Som mangeårig brytetrener i Kirkenes Atletklubb hadde foredragsholderen mest erfaring fra brytesporten, men understreket at samarbeidet i dag også omfattet en rekke andre idrettsgrener, som fotball, ishockey, badminton og ski-idrett (langrenn). Både i Kirkenes og Tana arrangeres det hvert år internasjonale bryte-stevner der det er med omtrent like mange russiske som norske deltakere, og både i bryting og andre idrettsgrener fokuseres det ikke spesielt sterkt bare på toppnivå, men det legges også vekt på breddeidrett blant barn og ungdom. Bangsund understreket spesielt betydningen av den sosiale kontakten. Når norske brytere blir innkvartert privat hos russiske brytere, og norske brytere tar imot russiske overnattingsgjester, er ikke dette bare for å spare penger, men også for å utvikle kontakt og vennskap. Språkproblemene kan selvsagt være en utfordring, men ikke noen uoverstigelig hindring, og i dag kan flere av russerne noe engelsk, og flere av nordmennene har lært seg litt russisk. (Et godt eksempel her kan være at Bangsund har overlatt hovedtrenerfunksjonen i Kirkenes til en russer som har lært seg norsk, og at Bangsund selv har lært seg russisk.)

Etter foredraget ble Bangsund spurt om kjønnsforskjellene innen idretten på Kola-halvøya,

der russerne

ofte er bedre enn sine norske konkurrenter, men der de henger etter på kvinnesida, der flere av kvinne-bryterne fra Øst-Finnmark holder norsk toppstandard. Bangsund bekreftet denne forskjellen, men understreket at russerne nå satser sterkere også på kvinnesida. Det er jo også interessant at bryterne ikke bare konkurrerer i stevner, men også deltar i felles norsk-russiske treningssamlinger og lærer av hverandre.

Store utfordringar for elendig norsk fiskeripolitikk

Av Knut Vadla, tidlegare leiar av Fritt Norden Norge

Fiskerinæringa har betydd mykje for Norge. Like til ut på 1980-talet stod fisk for meir enn 80% av norsk eksport. Me skal sjå at få ting er så sant som at makt korrupperer. Sjølv om det er proklamert frå Stortinget gong på gong at fisken i havet er folkets felles eigedom, har styresmaktene lagt til rette for storstilt privatisering av retten til å driva fiske.

Trålfiske startar

Før andre verdskrig var det mange som såg på trålen som ein reiskap for rovfiske som øydela korallrev, drap ned yngel og fanga smått og stort. I 1936 blei derfor trålfisket forbode.

Etter andre verdskrig var Norge i ein lang periode styrt av Arbeidarparti-regjeringar som arbeidde målbevisst for å gjera flest mulig arbeidsplassar om til heilårsarbeidsplassar. I fiskeria og fiskeindustrien var arbeidsplassane sterkt sesongprega. Spørsmålet var korleis gjera desse arbeidsplassane om til heilårsarbeidsplassar? Då kom dei på den «glupe» ideen at ved å satsa på store havgåande trålarar kunne ein gå ut i havet og fanga fisk kor han til eikvar tid var tilgjengeleg. Såleis ville ein kunna forsyna fiskeindustrien på land med råstoff året rundt. Genialt, i og for seg. Men dette var å gå mot naturgitte lover. Det var «landkrabbar» som tenkte slik.

Formannen i Fiskarlaget på denne tida, Mons A. Kårbø, var motstandar av trålfiske. Derfor reiste statsminister Einar Gerhardsen med sin fiskeriminister Reidar Carlsen til Fiskarlagets årsmøte i 1951, og fekk skifta ut denne formannen med Johannes Olai Olsen, som var for trålfiske. Dette var nok eit langt meir alvorleg politisk grep enn aktørane den gongen var klår over, for dermed var vegen opna for kapitalisering og privatisering av det frie fisket.

Kapitalen overtar

Gerhardsen-regjeringa starta oppbygginga av trålflåten. Dei som var villige til å satsa på dette, fekk nærast uavgrensa støtte til både båt og reiskap. Sjarkflåten fekk inga støtte. Seinare har det gått berre ein veg - stadig meir fiske over på trål. Då det seinare, på grunn av overfiske, blei naudsynt å regulera fisket med kvotar, blei stordrift med trål favorisert, og masse sjarkfiskarar blei utestengde frå fisket.

Nå viste det seg snart at trål-reiarar som kom i pensjonsalder, eller av andre grunnar ville slutta, begynte å selja desse kvotane for millionar av kroner. Dei som selde, blei sjølvsgt millionærar over natta, og myndighetene greip ikkje inn – sjølv om fiskekvotane eigentleg var folkets eigedom som dei hadde på lån.

På grunn av sløve politikarar og styresmakter, har dette berre rulla vidare og medført at kapitalen urettmessig har tileigna seg kontrollen med fiskerinæringa som er folkets eigedom. Me har nå eit system som held ubemidla ute, og har ført til monopoliseringa av fisket.

Då Svein Ludvigsen var fiskeriminister i 2005, gav han bort over 30 trålkvotar til evig odel og eige. Desse tråleigarane blei sjølvsgt og mangemillionærar over natta. Det blei gjort

innsigelser på at dette var grunnlovsstridig. Ein av trålreiarane tok saka til Høgsterett for å prøva gyldigheita av gáva. Han tapte med åtte mot ni stemmer. Ein kan undrast kor dei åtte dommarane fann lovheimel for å ta fisken frå folket.

I 2015 var det til dømes 20 trålkvotar i Finnmark. Røkke-Aker disponerte 17 av desse. Røkke er også subsidiert med millionar av kroner for bygging av trålarar.

Fisken i havet like utafor stovedøra., som folket før levde av - kanskje det rikaste fiskehavet i verda - er rana frå folket. Kvotar er selde sørover, og frysetrålarar har ikkje bruk for kysten. Dette har medført stor arbeidsløyse og flytting frå fiskeværa i den nordlege landsdelen. Då eg arbeidde i Loppa kommune for nokre år sidan, hadde kommunen 2400 innbyggjarar. Då Morten Strøksnes hausten 2016 hadde ei reportasje derfrå, kunne han fortelja at nå var det berre 900 innbyggjarar att. Dette er berre eitt døme. Det er mange slike.

Kvotane må lånast ut gratis til aktive fiskarar, Betre kan det ikkje koma folket til gode. Det er ei misforståing å tru at det er kvotebaronane som betalar for kvotane. Det er berre eit monopolsystem som sikrar dei kontroll over næringa. Det er tvert imot forbrukaren, du og eg (eigarane av fiskeressursane) som finansierer fiskekvotane når me kjøper fisken. Kven skulle det elles vera? Pengar dalar då ikkje ned frå ovan.

Det finst inkje vedtak om omsettelege kvotar. Dette er eit evigvarande fordyrande element som illegalt har sneke seg inn. Kvotemillionane som blir betalte ved kvart eigarskifte, blir utelukkande betalte av dei som kjøper fisken. For å føra desse verdiane, som i dag er komne på avvegar, tilbake til folket, må nok staten løysa inn att desse kvotane. Det vil kosta - men lite i forhold til evigheitsperspektivet.

Trålfiske må revurderast

I tillegg til alle andre ulemper, er trålfisket eit ekstremt ressurskrevjande fiske. Eg såg ein gong eit overslag over innsatsfaktor og uttak (utbytte) i nokre næringar:

blåskjelnæringa	set ein inn	1	faktor	og får	7 ut
produksjon av svinekjøtt	set ein inn	7	faktorar	og får	1 ut
trålfisket	set ein inn	30	faktorar	og får	1 ut

Det er langt dyrare å fanga fisk med trål enn med sjark. Trålen brukar eksempelvis 4 til 6 gonger så mykje diesel pr. kg. fanga fisk som sjarken gjer. Ein trålar må såleis fanga uhorveleg mykje meir fisk pr. arbeidsplass for å gi lønsemd, enn det sjarken treng. Dessutan er filosofien frå Gerhardsen si tid om heilårsdrift utdatert.

Som tidlegare nemnt, er trålen ein reiskap for rovfiske. Trålflåten går ut havet, som er «barnehagen» til fisken, og sopar opp alt - stort og smått, øydelegg reva som er husa, buplassen til fisken. Desse er mødesamt oppbygde gjennom mange ti-år/hundre-år.. Konklusjonen er at fiskebestandane i havet må forvaltast med skjønsamd og at trål er ikkje løysinga.

Sjarken bør vera flaggskipet i norske fiskerier

Sjarken tek fisken når han som vaksen søker inn mot kysten. Sjarken leverer generelt fisk av betre kvalitet enn trålen. Sjarken driv med passive reiskapar, eit mykje meir miljøvennleg fiske - enn det trålaren gjer. Sjarken gjev arbeid til langt fleire fiskarar enn trålfisket. Han er langt, langt mindre kapitalkrevjande enn trålfisket. Sjarkfisket tilfører langt meir kapital til kystnære område enn det trålfisket gjer.

Om me hadde politisk styring på fiskeria og dreiv eit meir miljøvennleg fiske med passive reiskapar, ville me sannsynlegvis kunna ta på land fleire gonger så mykje fisk som me gjer i dag. No må kystfolket reisa seg!

Foredrag ved Bård Wormdal:

Vardø-radaren

Innlederen arbeider i NRK og har jobbet med forsvarsspørsmål i ei årrekke og har de siste årene gitt ut to bøker om Vardøradaren: *Satelittkrigen* fra 2011 og *Spionbasen* fra 2015.

Fra amerikansk side er synet på Vardøradaren ganske klar. Den er USAs øyne og ører på den nordlige halvkule. Dette har president Donald Trump skrevet i klare ordelag i et brev til den norske regjeringa. Siden 1952 har Norge og USA hatt et samarbeid utenfor NATO og utenfor demokratisk kontroll. Dette samarbeidet ble formalisert i 1954. Dette har kommet fram i et dokument som er lekket av Edward Snowden.

Stasjonen i Vadsø har ca. 150 ansatte i en by med ca. 6 000 innbyggere. Dette er å anse som en kjernearbeidsplass i byen, og alle kjenner noen som jobber der. Denne er underlagt den amerikanske etterretningsorganisasjonen NSA. Denne ble tatt i bruk i 1954, og det var 35 års offentlig stillhet om denne, selv om den var veldig synlig midt i bybildet. Da NRK Brennpunkt tok opp aktiviteten ved denne stasjonen i 2005, var det relativt stor åpenhet blant amerikanerne om hvor viktig denne var for dem. Fra norsk side var det vanskelig å få noen til å snakke om denne. Og den informasjonen som kom fra norsk side, var langt mer sparsommelig enn den som man kunne få ved å snakke med folk i USA.

Opprinnelig var den bygget for å skyte ned russiske (sovjetiske) raketter. Men dens rolle har endret seg dramatisk siden da. Siden den tid har verden blitt mer avhengig av satellitter. Nå dekker den hele den nordlige halvkule. Og nå bygges den ut for å bli enda mere effektiv. Under Obama-administrasjonen ble det satt av 10 milliarder kroner for ombygginger og oppgraderinger. Den oppgraderte versjonen skal være i drift i 2020. Bård Wormdal kontakta samtlige stortingsrepresentanter fra Finnmark i fjor. Alle sa at de ikke var klar over denne utvidelsens omfang. Stillheten rundt byggeaktivitetene er så massiv at arbeidsulykker ikke blir rapportert inn.

Det er ytret ønske fra Wormdal og flere i fredsbevegelsen at rammeavtalen mellom USA og Norge må offentliggjøres, og at Stortinget må informeres bedre. Kontrollutvalget må få bedre innsyn, og offentligheten må få informasjon. Forskere og journalister må få innsyn i forswarets arkiver.

Dag 3. Søndag 05.08.

Søndagen var viet samenes stilling før og nå - kultur og historie.

På denne dagen hadde vi to utflukter, en til *Østsamisk museum - Skoltesamenes kultur og historie*, før lunsj, og tur til Bugøynes etter lunsj, som er det eneste bevarte fiskevær i Finnmark som ikke ble brent under krigen 1940-45.

På Østsamisk museum fikk vi en fin innføring om skoltesamisk kultur og historie av museets guide. Skoltesamene er den minste samiske gruppen som bor i Norge. Det er ca 900-1 000 skoltesamer til sammen i Norge, Finland og Russland. Den største gruppen, ca 500, bor i Finland. Ca halvparten leser og forstår skoltesamisk, som er et eget skriftspråk. Skoltesamene i Norge bor i Neiden, der er også museet, som ble åpnet 2017.

Foredrag ved Helga Pedersen, leder av Tana Arbeiderparti og tidligere nestleder i Arbeiderpartiet og fiskeriminister.

Helga Pedersen som selv er same, rettet i sitt foredrag søkelyset på de tre viktigste temaene i det samiske samfunnet nå: språk, arbeidsplasser og kultur og kulturminner.

Hun orienterte om at Stortinget har satt ned en 'Sannhetskommisjon', som skal granske fornorskingspolitikken mot samene og kvenene. Kommisjonen skal levere en historisk kartlegging, undersøke virkningene av fornorskingen og foreslå tiltak for videre forsoning.

Fornorskingspolitikken av samene er et kapittel av norsk historie som vi har liten grunn til å være stolte over. Fra første skoledag skjønte samiske skolebarn ikke ett ord av hva læreren sa, og ved flere skoler var det forbudt å snakke sitt eget språk, samisk, i friminuttene. Dette har rammet flere generasjoner av samer hardt, for samene ville ikke videreføre til sine barn den belastningen det hadde vært å snakke samisk. Og mange fortiet også for egne barn sin samiske bakgrunn. Det er veldig viktig at denne delen av historien blir kjent for både samer og andre nordmenn. Hvordan kunne politikerne i Norge helt fram til tiårene etter krigen gjennomføre en politikk som var bygd på nasjonalistisk og sosialdarwinistisk tankegodt, og som fornektet minoritetene, samenes og kvenenes, kultur og egenart? Hun hadde forventninger til at Sannhetskommisjonen vil kaste lys på verdien av et flerkulturelt samfunn i et moderne demokrati. Hvilke verdier er det vi må bygge på for at alle skal ha det godt?

Helga Pedersen la vekt på at Stortinget de siste 30 årene har vedtatt lover og etablert institusjoner som skal sikre samisk språk, kultur og næringsliv. Den samiske kulturen har ikke bare overlevd, men nå blomstrer den! Men det er

fortsatt store utfordringer innen både språk, kultur og arbeidsliv. Hun streifet så vidt innom den foreslåtte sammenslåingen av Finnmark og Troms, og viste til at dette blant annet ville ramme arbeidslivet, ved at mange statlige arbeidsplasser i fylkesadministrasjonen ville gå tapt. Hun etterlyste også en aktiv arbeidsmarkedspolitikk, bl.a. innen primærnæringene/fisket. Helga Pedersen bor i Tana, og hun viste til at Tanaelven er verdens største lakseelv. Hun mente at lakseforvaltningen var helt feil, ved at forvaltningen er lagt til Miljøverndepartementet. Reindriftsnæringen er også en utfordring ved at det må skje en avveining mellom areal og reindriftsnæring, og mellom det gamle og det nye, som mellom kraftledninger og reindrift. En skjev aldersfordeling er også en stor utfordring, og nye arbeidsplasser er viktig også innen eldreomsorgen.

Samisk språk innebærer fortsatt store utfordringer. Samiske barns rettigheter til å få opplæring på samisk under skolegangen er fortsatt ikke godt nok oppfylt. Alle kommuner har plikt til å gjennomføre opplæring på samisk. Men det er problemer med samiske lærekrefter, bevilgningene er ikke tilstrekkelige, og det er mangel på læremidler på samisk. Tana kommune er leverandør av morsmålsopplæring på samisk som nettbasert fjernundervisning. Helga Pedersen ivret for sommerskole som kan gi ekstra tilbud i morsmålsundervisning, som kan styrke befolkningens samiskkunnskaper.

Selv om det er gjort mye for å bevare og styrke samisk kultur, gjenstår det fortsatt en del på å stimulere samisk kultur og bevare kulturminner.

Det var en lydhør forsamling som lyttet til både Helga Pedersens og Venke Tørmænen's foredrag. Etter Helga Pedersen fortalte Venke Tørmænen, som er skoltesame, om oppvekst og dagligliv blant skoltesamene.

Foredrag ved Venke Tørmænen:

Same og skoltesame

I foredraget sitt tok Venke Tørmænen utgangspunkt i sin egen familiesituasjon. Hun bor i Pasvik og har arbeidet som lærer i mange år, og både fra sin egen oppvekst og erfaringene sine som lærer fikk hun oppleve at ulike kulturformer kan være utfordrende. Selv har hun bakgrunn både fra finsk, norsk og skolte-samisk kultur. Flere i familien hennes hadde problemer med å markere en trekulturell identitet. Det var jo vanskelig å representere både norsk og finsk kultur, og samtidig også markere samisk identitet. Den samiske identiteten var jo spesielt vanskelig, siden hun som skoltesame representerte en annen slags kulturform enn den større og sterkere nordsamiske kulturen. Også nordsamene har måttet kjempe mot språklig og kulturell undertrykking, og som en liten minoritet blant samene var skoltesamene utsatt for et enda sterkere sosialt press. Mens nordsamisk språk og kultur etter hvert har fått større aksept og en tryggere posisjon, er fortsatt situasjonen betydelig vanskeligere for skoltesamene. Vi finner jo skoltesamer både i Russland, Finland og Norge, men

som en liten minoritet har de hatt problemer med å hevde seg i alle disse landene. I dag er det ganske få som snakker skolte-samisk, som nå bare med nød og neppe kan kalles et levende språk. Venke Tørmænen tok også opp skolesituasjonen, hvor forholdene nok har blitt bedre etter hvert, men hvor skolevesenet i det store og hele har vært mer til skade enn til nytte for samisk språk og kultur.

Dag 4. Mandag 06.08.

Agneta Norberg . Leiar i Sveriges Fredsråd.

Om tryggingsspolitikk

Agneta Norberg innleia med eit eksempel frå ein demonstrasjon på flyplassen i Luleå, der

Edla Landro og andre lokale fredskjemparar fekk i stand ein demonstrasjon som blokkerte flyplassen i protest mot militariseringa. Dei vanlege massemedia lét typisk nok vere å omtale aksjonen, som berre fekk omtale i den svenske kommunistavisa Proletären. Sverige blir i dag nytta til treningsmark for USA og NATO, men det blir det jo sjeldan snakka høgt om. Agneta Norberg kunne vise til solid dokumentasjon for påstandane sine, m. a. Mark Brzezinski, som var ambassadør for USA i Sverige, og som er son av den meir kjende Zbigniew Brzezinski. Ho viste til fleire bøker som har teke opp militarisering og opprusting, der ho òg nemnde boka *Bak fasaden* av den norske fredskjemparen Kari Enholm.

Kritikken av NATO-medlemskapen og opprustinga har kome lite fram og har vorte undertrykt, og ho nemnde at då Arbeidarpartiet gav støtte til NATO-medlemskapen, gjorde det unna heile diskusjonen på fire minutt! Ho tok også opp hemmelege NATO-armear og *stay behind*-gruppene og kontakten med nazistar som i Ukraina.

Når Olof Palme gav uttrykk for innvendingar mot militærpolitikken til USA og NATO og den europeiske støtta til denne politikken, fekk han kraftig motbør. Han vart drepen 28. februar, men skulle til Moskva i mars, og vi kan slett ikkje sjå bort frå at det kunne vere ein samanheng her.

Agneta Norberg tok òg opp den amerikanske infiltrasjonen i Latin-Amerika, og nemnde også at mykje av narkotikahandelen vart organisert via amerikanske basar.

Militærbasar vart i fleire tilfelle nytta som ei rein handelsvare, og USA pressa seg til å halde fram opprustinga si i Japan sjølv om mange der ville ha amerikanarane ut. Amerikanarane har fått i stand krigar og stimulert til krigsaktivitetar i ei rekkje land, også i den tida då fredsprisvinnaren Barak Obama sat som president.

Den norske basepolitikken frå regjeringstida til Einar Gerhardsen om å ikkje stasjonere utanlandske militærstyrkar i Noreg i fredstid, har den noverande regjeringa oppheva utan særleg harde protestar. No er amerikanske troppestyrkar og militært utstyr på plass i Trøndelag, og snart skal dei òg bli stasjonerte i Troms. Samstundes er det sett i gang ein skremselspropaganda mot russarane som liknar mykje på situasjonen under den kalde krigen, og denne utviklinga har vorte særleg sterkt merkbar i Noreg og i Finland.

Som ein nyttig illustrasjon av opprustingssituasjonen og det militære styrketilhøvet mellom NATO og Russland, hadde Agneta Norberg med seg eit kart som gav eit godt oversyn over militærstyrkane. Dette kartet viste klart og tydeleg kor falsk den argumentasjonen er som hevdar at Russland har rusta opp så kraftig at vestmaktene hadde vorte nøydde til å «svare».

Hjørdis Nielsen, Danmark

Danmarks og NATOs interesser i det arktiske området, med hovedfokus på Grønland

Det har vorte større politisk og militær interesse for Grønland etter kvart som isen har teke til å smelte i det arktiske området. I 250 år var Grønland ein dansk koloni fram til 1953. No har Grønland fått sjølvråderett på innanrikspolitikken, og får kvart år eit tilskot på 3,5 milliardar danske kroner.

Grønland er heller ikkje med i EU, men utanrikspolitikken blir styrt av Danmark (og NATO). Mange grønlendarar ynskjer sjølvstyre på alle område, medan andre er usikre på kva som då kan skje med det økonomiske tilskotet frå Danmark.

Det bur om lag 55 000 på Grønland, og dei aller fleste høyrer til det opphavlege urfolket, inuittane.

USA etablerte seg som alliert i Grønland omkring 1944. Thule Air Base har heile tida vore i aktiv bruk, men USA og NATO har hatt heile 32 basar og militærinstallasjonar på øya. Desse militærinstallasjonane lét etter seg eit gigantisk miljøsvineri, og særleg atomavfallet er eit stort problem. På Thule er det sett opp ein radar som ein del av det danske missilforsvaret. Ei forsvarsavtale frå 1951 mellom Danmark og USA ligg til grunn for den militære aktiviteten. Ikkje minst under den kalde krigen har USA og NATO vore svært aktive på Grønland. Interesse for Grønland har no også auka etter at isen har teke til å smelte og området har vorte meir tilgjengeleg. Då har USA og NATO satsa sterkare enn før på å få meir avgjerande innverknad på politikken i Danmark og på Grønland.

På NATO-toppmøtet i Polen juni 2016 presenterte den danske regjeringa ein analyse av dei oppgåvene ho ville prioritere i det arktiske området, og trekte fram overvåkingskommando, kommunikasjon og operativ innsats.

USA, Russland, Noreg, Canada og Danmark/Grønland kan gjere krav på ein del av Arktis, dersom dei overfor FN kan dokumentere at området er ei naturleg utviding av territoriet deira. Denne dokumentasjonen må bli godkjend innan dei politiske forhandlingane kan kome i gang. Det kan ta 10 – 15 år. Den danske regjeringa har allereie gjort krav på eit område 4,3 km under overflata ved Nordpolen. Dette området er 20 gonger større enn Danmark.

Blant dei nedlagde militærinstallasjonane på Grønland er Camp Century, om lag 250 km aust for Thule. Der dreiv amerikanarane frå 1958 eit kompleks av verkstader, bustader og laboratorieaktivitet i 3 km lange tunnelar under innlandsisen, der energien vart henta frå ein atomreaktor som var plassert under isen. Dette anlegget var meint å skulle vere starten på eit prosjekt der 600 atommissilar retta mot Sovjetunionen skulle bli plasserte på skjener under isen. Prosjektet vart avbrote, men ei internasjonal forskargruppe hevdar at der isen smeltar, vil det kome radioaktivt avfall i 75 år. Danmark og USA ignorerer dette problemet og avviser ansvaret.

Birgitta Gran, Finland. Vänsterförbundet.

Finland i dag: Business framfor allt.

Om finsk tryggingspolitikk er det framleis slik at dei fleste finnane går imot NATO-medlemskap, trass i intense forsøk på å få folkeopinionen til å snu. Då har dei no heller gått utanom Riksdagen i desse spørsmåla, og slutta seg til ei vertslandsavtale, der utanrikskomiteen fekk munnkorg og Riksdagen ikkje drøfta avtala på vanleg måte. Likevel er ho no med i den finske forfatningssamlinga, på engelsk! Finland har no satsa på krigsfartøy og anna militærrustning for milliardar, trass i at det elles blir skore ned på det meste andre på grunn av den økonomisk vanskelege situasjonen.

Finnane hadde presidentval i januar. Frå venstresida vart det trekt fram at auka miljøproblem og stor økonomisk og sosial ulikskap også var ein alvorleg trussel, både nasjonalt og globalt, men desse problemstillingane fekk ingen stor plass i den måten media presenterte debatten på. Tryggleik handlar ikkje berre om truslar utanfrå, men òg om samfunnssituasjonen innanfor eigne landegrenser. Det har Finland særleg grunn til å tenkje over i samband med 100-årsminnet for borgarkrigen i 1918. I Dragsvik, nær den staden der foredragshaldaren bur, fanst det ein stor konsentrasjonsleir, og der finn vi òg den største massegrava i Norden, der 3000 frå den raude sida ligg gravlagde.

Dei historiske erfaringane frå finsk historie skulle ein tru ville minne politikarane om kva problem store sosiale kløfter kan føre med seg, men det verkar slett ikkje som alle tenkjer på den måten. No har det vorte laga reglar om at arbeidslause må kunne skaffe seg eit visst minimum av arbeidstimar, elles får dei redusert arbeidsløysetrygd. Dette førte til store protestar, og berre ein liten del av dei arbeidslause greidde å innfri desse krava. No har det òg kome eit nytt forslag om at dei arbeidslause må søkje minst fire relevante jobbar kvar månad. Desse krava er det mest uråd å oppfylle i dei delane av landet der arbeidsløysa er høgast og talet på ledige jobbar lågast, så reglane slår særleg uheldig ut i distrikta.

Finnane eksperimenterer òg med eit grunnlønsforsøk der 2000 tilfeldig utvalde finnar får ei grunnløn på 560 Euro per månad same kva sysselsetting dei har. Resultata blir først undersøkt etter at forsøksperioden har gått ut. Mange har gjeve positive kommentarar til forsøket, men det er enno for tidleg å trekkje sikre konklusjonar. Innanfor helsesektoren har dei satsa sterkt på å gje eldre og hjelpetrengjande meir hjelp der dei bur og redusere bruken av institusjonsplassar. Når dei ikkje samstundes set inn meir pengar og større personalressursar, blir dette i første rekkje eit sparetiltak, og mange av dei som treng hjelp, får dårlegare vilkår enn før. Allereie no har finnar med behov for helsehjelp mykje dårlegare vilkår enn i dei andre nordiske landa, både på økonomisk støtte og personalhjelp. Alt pratet om auka valfridom i form av private hjelpetilbod vil berre føre til endå større auke i dei sosiale skilnadene, og gjer problema endå vanskelegare for dei som har det vanskeleg frå før.

Finland har no ei høgreorientert regjering som er dominert av Samlingspartiet og Senterpartiet (der det finske Senterpartiet står langt til høgre for det norske partiet med same namn). I april 2019 blir det eit nytt riksdagsval, der venstresida kan ha håp om å lukkast. Idealet kunne då ha vore ei regjering med Sosial-demokratane, Dei grønne og Vänsterförbundet.

Avslutning

Inntrykk fra deltakerne og forslag til neste års Nordisk Folkeriksdag.